



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 08/2022

Møtedato: 27.04.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Søknad om UKL midler 2022

Søknadsfrist for UKL midler 2022 er 1. mai. I den samanheng er det fortsatt krav om 1/3 eige andelsbidrag av søknadssummen, og det må difor fattast vedtak om/kva tilslagn ein ynskjer det skal søkjast for i 2022. Som før er det 3 års gjennomføringsfrist for tiltak.

Følgjande forslag/utgangspunkt vert lagt fram:

- Tilskott til bok om Vestre Slidre statsallmenning som inngår i UKL
- Tilskott til diverse felles-tiltak i allmenninga, ein kan då søkje om ein rund sum på kr 100 000,-, og oppgje ei liste over ulike tiltak som dette kan nyttast på. Så ser ein gjennom året kva som vert gjennomført på den føreslegne lista. Forslag til tiltak:
 - o nye benker
 - o utedo
 - o båtrampe
 - o tilrettelegging av teltplass
 - o Badeplass
 - o Pakering – generelt samt for å unngå biltrafikk inne på stølslaga
- Tilskott til krattknusing/rydding av skog som middel for å redusere attgroing – dette avheng av avtale med Statskog/allmenningsstyret.
- Utbetre felles veg til Haugvørpe, Dette inneber danning av eit veglag eller liknande for å kunne drifta denne vegen i ettertid.

Det er viktig at ein større del av potten går til landbruksstiltak for bruksberettiga gardbrukarar. Likevel er det meir logisk at fjellstyret tek ansvar for tilretteleggingstiltak som gagnar alle saman – som ein då kan søkje delfinansiering gjennom UKL.

Av dei opprampa tiltak bør ein prioritere dei viktigaste, som og gjev allmenn nytte. Administrasjonen tilrår følgjande tiltak med grunnjeving og kostnadsoverslag i prioritert rekkefølge:

Prioritet 1: Tilskott til diverse felles-tiltak i allmenninga

Fjellstyret driv jamnleg med ulike tilretteleggingstiltak. Sista år har ein lagt til rette for m.a. båtramper/parkeringsplassar for fjellsturar. Dette er gode tiltak som gagnar mange brukargrupper. Dette ynskejr ein å fortsetje med, og om mogleg spisse tiltaka noko meir mot konfliktpunkt mellom beitebruk/friluftsliv no i 2022. ein tenkjer då konkret på P-plassar inntil stølslag som reduserar biltrafikk inne på stølslaga, omlegging av stigar for å styre ferdsel bort frå sterkt berørte og aktive stølar med beitebruk – samt med meir.

Det er enklast å ha ein «pott» på eks kr 100 000 (-), då det er usikkert kva for plassar ein får semje om å begynne på eks P-plassar nær stølslag m.v. Så lenge denne potten brukes i samband med eigenandel på 1/3 frå fjellstyret og tiltaka er innafor dei nemnde kategoriar burde dette vere greitt.

Prioritet 2: Tilskott til bok om Vestre Slidre statsallmenning

Det er mange allmenningar som har laga ei bok som viser historien/utviklinga gjennom tida og tilhøve samt dei verdiar og kvalitetar som finst i allmenninga. Dette er truleg ikkje eit prosjekt der ein kan rekne med å tene store summar på boksal, og difor må ein kunne pårekne eit større utlegg som ein ikkje får attende. Vestre Slidre statsallmenning inngår i UKL, og dette er då ein fin anledning til å vise omverda kva kvalitetar som ein forsøker å beskytte/oppretthalde – som er grunnlaget for at dette inngår i UKL.

Reelle utlegg på trykking/innbinding/redaktør/frakt m.v er ca 50 000,- - dette utan honorar til bidragsytarar som skriv tekst.

Ein må difor rekne totalutlegg på minimum 150-200 000,- kroner

Det vil komme noko inntening som følge av boksal, men ein føreslegen sum for søknad er ca kr 50 000,-. Dette vil likevel mest sannsynleg føre til noko større utlegg for fjellstyret, men vil uansett vere eit varig produkt som gjev eit godt innblikk i Vestre Slidre statsallmenning.

Tilskott til krattknusing/rydding av skog

Dette er eit langstidsprosjekt som ein ser for seg vil gå over mange år. Det må først avklarast med Statskog/Allmenningsstyret, deretter lagast ein plan for kvar ein ynskjer å prioritere rydding. Målsetjing kan vere at fjellstyret tek på seg rydding langs hovudfartsårer i fyrste rekke – dette gjev då nytte for alle brukarar. Sidan det ikkje føreligg verken plan eller samtykke frå Statskog/Allmenningsstyret tilrår administrasjonen at ein avventar med dette tiltaket til 2023, og jobbar saman med UKL for å lage en plan for dette nå i år.

Utbetre felles veg til Haugvørpe – dette er for så vidt eit viktig felles tiltak då denne vegen er mykje nytta for adkomst til båttrafikk. Ein må her fastslå kva standard ein ynskjer å oppnå (vinterveg eller berre tiltak for å unngå vårflaum). Administrasjonen tilrår at ein avventar noko med dette tiltaket, men dersom det er ledige midler innafor UKL systemet til hausten kan ein vurdere å sende dette inn som ein tilleggssøknad.

Det er og viktig etter administrasjonen sitt syn at ikkje fjellstyret søker om for stor andel av potten til UKL, og med dei to tiltaka som er prioritert under 1 og 2. er dette kanskje nok nå i fyrste omgang.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret søker om midler frå UKL, med samla søknadspott på kr 150 000,- med tillegg på minimum 1/3 av egne midler/eige arbeid. Det søker om følgjande tiltak i prioritert rekkefølgje:

Prioritet 1: Tilskott til diverse felles-tiltak i allmenninga

Prioritet 2: Tilskott til bok om Vestre Slidre statsallmenning